

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Ulf Ludvigsen
Arkivsaksnr.: 16/843 - 22

Arkiv: F08

Planlagt behandling:

Hovudutval for lokal utvikling

KLEPP FRIVILLIGSENTRAL - RETNINGSLINJER

Bakgrunn for saka:

Det finns meir enn 400 frivilligsentralar i Noreg. Til og med 2016 blei det løyvd eige øyremerka statstilskot til frivilligsentralar. Tilskotet blei frå og med 2017 innarbeidd i rammetilskotet til kommunane. Samtidig med omlegginga, opphørde dei statlege retningslinjene for frivilligsentralar. Det betyr at frå og med i år er statlege krav om at frivilligsentralane t.d. må ha eit eige styre, eller bidra med ein viss prosentvis økonomisk eigenandel utover statstilskotet, opphørde. Det er no opp til eigarorganisasjonar/kommunar å fastsetje økonomiske rammer og avgjere organisering og driftsmodell for lokale sentralar.

Om Klepp Frivilligsentral

Klepp frivilligsentral er administrativt knytt til Lokal utvikling ved kulturavdelinga. Sentralen har eit eige styre, sett saman av:

- ein politisk representant
- to frå administrasjonen
- tre personar valde av frivillige på årssamlinga for sentralen,
- Dagleg leiar er sekretær for styret.

Gjeldande retningslinjer for Klepp frivilligsentral blei vedtatt av kommunestyret i 1996. Klepp frivilligsentral er ein av dei sentralane i landet med høgast aktivitetsnivå og høgast oppslutning av frivillige. Formelt sett har hovudutval for lokal utvikling utgjort årsmøte for sentralen, medan frivillige representantar til styret blir valde av dei frivillige på ei eiga årssamling for frivillige og styret.

Aktuelle problemstillingar

På bakgrunn av omlegginga av staten sitt ansvar for frivilligsentralane, finn rådmannen det føremålstenleg med ei revidering av eksisterande retningslinjer og ei vurdering av styresamansetting og organisasjonsform.

Aktuelle problemstillingar vil blant anna vera:

- Kva framtidig organisering vil vera mest føremålstenleg for å sikra vidare stabil drift og utvikling av Klepp Frivilligsentral?
- Korleis kan ei best sikra vidareføring av den samskapinga mellom frivillige og kommune og den breie oppslutninga som i dag kjenneteiknar sentralen?
- Viss sentralen skal ha eit eige styre; kan slags styresamansetting er då mest føremålstenleg og kva bør gjerast med eksisterande ordningar som årsmøte og årssamling. Kva mandat bør styret eventuelt ha?

I tillegg bør nye retningslinjer gjevast ei språkleg oppdatering.

Styret for Klepp frivilligsentral sine vurderingar

På bakgrunn av den statlege omlegginga, har styret for Klepp frivilligsentral drøfta føringar for framtidig utvikling og drift, på to styremøter i 2017. Styret meiner at det vil vera føremålstenleg med ei gjennomgang og ei revidering av retningslinjene. Styret sitt syn er som følgjer:

Styret meiner generelt at det må byggjast vidare på eksisteranse modell og dei ordningane som ein har god erfaring med. Det betyr:

- Klepp kommune bør framleis eige og drive frivilligsentralen og ha arbeidsgjevaransvaret for tilsette i sentralen. Dette sikrar stabil og sikker drift.
- Det er dei frivillige som er kjernen og navet i Klepp frivilligsentral. Innhald og drift i sentralen må vera basert på det som frivillige sjølve ønskjer å drive med. Grunnprinsippet må framleis vera; «Frivilligheita lever av lyst og dør av tvang». Dette er og i tråd med prinsippa i dei såkalla «10 frivillighetspolitiske bud» som den nasjonale paraplyorganisasjonen, Frivillighet Norge, har utarbeidd.
- Styret må kunne vera premissleverandør og portvaktar overfor kommuneorganisasjonen på vegne av frivilligheita, men og utgjera eit bindeledd mellom kommune og frivilligheit som sikrar at lokale behov og utfordringar blir presentert og tilrettelagt for dei frivillige.
- Klepp frivilligsentral bør halda fram med eit eige styre, samansett av representantar frå politisk og administrativt nivå, samt god representasjon frå dei frivillige. Dette vil vera i samsvar med den såkalla «Kommune 3.0»-tenkninga, og vera i tråd med grunnprinsippa i den frivillighetspolitiske plattformen som KS og Frivillighet Norge i samarbeid har utarbeidd. 25 års erfaring med eit eige styre der frivillige og er sterkt involvert, er svært gode i vår kommune.
- Eit eige, bredt samansett styre er ei god ordning for at sentralen kan sikra frivilligheiten gode utviklingskår og for å fremja dialog og samskaping mellom frivilligheit, kommune og andre aktørar i lokalsamfunnet.
- Eit eige styre vil og kunne vera premissleverandør for frivilligheita og hindra for sterk og detaljert kommunal styring av innhald og aktivitet. Eit styre vil i staden kunne utvikla sentralen som kraftsenter for ei frivilligheit som sjølve definerer premisser, innhald, aktivitet og retning og bidrar til å myndiggjera og motivera innbyggjarar og lokalmiljø til å bidra frivillig og ta del i lokal oppgåveløysing. Dette er og i samsvar med grunntankane i «Kommune 3.0»-tenkninga .
- I revideringa av retningslinjene bør det vurderast kva mandat og oppgåver styret bør ha og kva styresamansetning som best kan tene frivilligheita og lokalsamfunnet. Det same gjeld ordningar som årssamling og årsmøte. Det bør vurderast korleis ein kan fremja politisk eigarskap i frivilligsentralen samt sikra klår rolleforståing mellom politikk, administrasjon og frivilligheit. Det bør særleg vurderast om den frivillige og politiske representasjonen i styret bør styrkast. Mandat og oppgåver må sikra at styret i praksis må kunne vera både styre og arbeidsutval for sentralen.
- I tillegg må reviderte retningslinjer vurdere kva rolle og oppgåver frivilligsentralen skal ha overfor anna frivilligheit i kommunen og korleis rolla som bindeledd mellom kommune, frivilligheit og lokalmiljø kan utviklast vidare.

Vurdering:

Rådmannen støtter desse synspunkta og meiner at dei kan leggjast til grunn som føringar for arbeidet med revidering av retningslinjene for Klepp frivilligsentral. Rådmannen ser det som viktig at aktuelle lokale organisasjonar og kommunale etatar/ avdelingar blir trekte med i drøftingar rundt aktuelle problemstillingar.

Vedlegg:

- FVS Klepp retnlinjer 1996
- FVS plattform frivillighet 2015

- FVS 3 Ti frivillighetspolitiske bud
- FVS statlege retnlinjer frivillig sentraler 2010

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. På bakgrunn av føringane i saka ber hovudutval for lokal utvikling om at administrasjonen, i samarbeid med styret for Klepp frivilligsentral, utarbeider framlegg til reviderte retningslinjer for Klepp Frivilligsentral.
2. Hovudutvalet ber om at nye retningslinjer blir fremma som eiga sak for hovudutvalet våren 2018. Saka bør deretter sluttbehandlast i kommunestyret.

Rådmannen i Klepp 11.10.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.